



Dei vidaregåande skulane i HFK

Dato: 27.02.2015  
Vår ref.: 2015/2654-1  
Saksbehandlar: tovbru2  
Dykkar ref.:

## Oppdragsverksemd ved dei vidaregåande skulane i Hordaland

Endringar i rekneskapsforskrifta til kommunelova § 48 – noteopplysningar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut forslag om eit nytt krav til noteopplysningar i årsrekneskapa vedkomande rekneskapsmessig skilnad for dei skulane som har oppdragsverksemd. I første omgang gjeld det maritime og offshorerelaterte sikkerheitskurs, men det vert teke høgde for at dette vil gjelde alle dei vidaregåande skulane som har oppdragsverksemd av eit visst omfang.

Forslaget som med dette vert sendt på høyring inneber ei plikt til å synleggjera den kommersielle kursverksemda i note til årsrekneskapan.

Endringa vert gjort gjeldande frå 01.01.15.

### Kva betyr dette for den enkelte skule med oppdragsverksemd

For kvart rekneskapsår skal fylkeskommunen utarbeide ei oppgåve med resultatoppstillingar for skulen sin lovpålagde opplæringsdel og den kommersielle kursverksemda (atskilte rekneskap). Inntekter og kostnader skal fordelast mellom dei ulike delar av verksemda etter konsekvent anvende og objektivt grunngevrne prinsipp på ein slik måte at skulen sin økonomiske og organisasjonsmessige struktur viser korrekt igjen i dei atskilte rekneskapa. Prinsippa for fordeling av inntekter og kostnader skal opplysast og grunngevrast og skal sjå til at den kommersielle kursverksemda dekkjer alle kostnadene knytt til si verksemd, herunder alle variable kostnader og ein forholdsmessig andel av skulen sine faste kostnader.

Opplæringsavdelinga har sendt ut e-post til alle skulane som fører oppdragsverksemd på ansvarsstad 300 der vi ber om å få klarlagt kva type oppdragsverksemd skulen driv. E-post blei sendt 24.11.14, og det er viktig å få avklart dette for å kunna gå vidare i prosessen.

Opplæringsavdelinga vil ved slutten av kvart rekneskapsår be om rapport for gjennomført oppdragsverksemd og rekneskapan knytt til denne verksemda.

### Oppsummering

**For skular med oppdragsverksemd av eit visst omfang skal det først rekneskap for heile oppdragsverksemda. Det vil sei at i rekneskapan for ansvarsstad 300 skal det vere fordelt løn, personalforsikring, husleige, reinhald, IT-utstyr, inntekter på løn og alle relevante kostnader som er riktig å fordela på oppdragsverksemd.**

**Rekneskapet for oppdragsverksemda skal førast heile året slik at skulen kan følgje med på eiga verksemd.**

Birthe A. Haugen  
Seksjonsleiar Fellestenester

Tove Elin Bru  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*